

Sommarkonsert i Ullensvang kyrkje

Søndag kveld, 4. juli, vert det sommarkonsert i Ullensvang kyrkje. Tim Rishton vitjar Ullensvang kyrkje med ein orgelkonsert der konsertprogrammet vil syne litt av utviklinga innan orgelmusikken frå 1400-talet og fram til notid.

Tim Rishton har mellom anna studert ved universiteta i Wales, Manchester og Reading. I Reading vann han alle 1. prisane i orgelspel og seinare var han tilsett som lektor i orgelspel og kyrkjemusikk, samt Domkantor. Han har gjeve konsertar i mange land, og han

har gjeve førelesingar og Master Classes på både engelsk, walisisk og norsk ved mange universitet og musikkhøgskular. Han opptrer regelmessig på radio og TV i fleire land; bl.a. NRK i Noreg og BBC i Storbritannia. Rishton har òg spelt inn to soloplater og ein del andre plater saman med diverse artistar.

No er Tim Rishton busett i Måndalen i Romsdal. Og på konserten i Ullensvang vil han la oss høyra verk av Paumann, Sweelinck, Buxtehude, Bach, Brahms og Hovland.

Hardanger Folkeblad
2/7/93